



Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 30.06.2015  
Vår ref.: 2015/540-9  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## **Trekking av motsegn ved 2.gongs offentlig ettersyn av KDP for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2013 planID 200810- Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 21.05.2015 om 2. gongs avgrensa høyring av kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023. Hovudføremålet med planen er å sikre karakteristiske landskap, større samanhengande friluftsområde og verdifulle natur og kulturminnemiljø. Kommunen har gjennom planen og hatt mål om å sikre busetnaden i grendene og lokalt baserte næringar. Ved første gongs høyring retta Hordaland fylkeskommune motsegn til planen grunna omsynet til kulturminne.

Hordaland fylkeskommune har vurdert det nye planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering**

Ved fyrste gongs høyring fremja Hordaland fylkeskommune motsegn til to areal grunna omsynet til kulturminne. Arealane var foreslått regulert til LNF med spreidd busetnad og spreidd næring. Lindås kommune har tatt våre innspel til etterretning og endra plankartet og føresegner slik at det nå er i tråd med våre krav. Motsegn i høve kulturminne som vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 08.04.2011 fell difor bort, og vi har ingen vidare merknad til planen i høve kulturminne.

Vi gjer ellers merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Vi takkar for godt samarbeid i planprosessen, og ynskjer Lindås kommune lukke til med ny kommunedelplan.

Bård Sandal  
Fylkesdirektør regionalavd.

Marit Rødseth  
Plansjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest